

Maritim plan for Liadal Barnehage

Liadal barnehage er en naturbarnehage. Vi legg vekt på at barna skal få kjennskap til naturen som ligg i vårt nærrområde.

Ikkje langt frå barnehagen vår har vi fjøra, fjorden og Raudøya med Naturreservat og landskapsvernområde.

Fiske, fangst og båtliv har våre ein naturlig del av den lokale kvardagen for dei som bur her. Det er derfor naturlig for å nytte oss av dette området og gi barna kjennskap til livet i fjøra og i sjøen, korleis ein nyttar seg av båt og fiskereiskapar samt nytte fjøra og friområdet på Raudøya til utforsking og leik.

Vi vil i denne planen fortelje om kva barna kan få oppleve og få kjennskap til innanfor det maritime og området på Raudøya.

Overordna mål til personalet

- Førstehjelpskurs og livreddningskurs
- Tryggheit ved sjø og i båt
- God kjennskap til reglar og rutiner for ferdsel i båt og ved sjø.
- Nysgjerrig, lyttande og engasjert saman med barna
- Kunnskapsrike og kreative vaksne i forhold til det maritime

Overordna mål for barna

- Trygge i båt og ved sjø
- Få god kjennskap til kva det er som lever i sjøen og i fjøra
- Få god kjennskap til trygghetsreglar og rutiner for ferdsel i båt og ved sjø
- Få kjennskap til fangstreiskapar og bruk
- Få lære om fisk og sjødyrs anatomi og tilbereding ved matlaging
- Få tilbod om smaksprøver av fangsten
- Få oppleve å sjå at maten vi et kjem frå naturen og sjå gongen frå levande fisk/dyr til mat.

Kva kan foreldre forvente av oss som ein naturbarnehage med fokus på det maritime:

- Barna skal få oppleve å få utforske og tileigne seg kunnskap om det maritime miljøet.
- Barna får tileigne seg kunnskap om korleis ein kan ferdest trygt i båt og ved sjø.
- Barna skal sjølv få være med på å sette hummer og krabbeteiner, dra line, og fiske med stong.
- Barna skal få ei forståing av bærekraftig utvikling ved å sjølv være med på fising og å nyttegjere seg av fangsten til matlaging.
- Et kosthold der vi introduserer barna for maritime matsortar.

Aktiviteter sjø/fjøra

Kva	Korleis	Kvifor
Flo og Fjøre	Vi vil sjå på vasstanden kvar gong vi er i fjøra. Her vil vi snakke med borna om naturfenomenet flo og fjøre.	Lære barna om syklusen i flo og fjøre. Snakke med dei om kvifor vasstanden endrar seg. Gi barna muligheita til å tileigne seg kunnskap om ulike fenomen i vår natur, som flo og fjøre og samanhengen mellom himmel og hav.
Sjøvett og sikkerhet	Snakke til barna i fjøra om redningsvestar, kvifor sitte i båt, oppførsel i fjøra og førstehjelp.	Gjere barna trygge på ulike situasjonar. Både når dei er i fjøra eller er i båt.
Leite etter dyr og andre levande organismar i fjøra	Vi samlar det vi finn i bøtter. Studere korleis dei ser ut, kjenne på dei og bruke sansane våre. Det er viktig for oss å ha fokus på å lære barna å vise respekt for plante og dyrelivet vi finn i fjøra.	Lære barna namnet på dei ulike organismane som vi finn i fjøra og på sjøen. Kor bor dei ulike organismane vi finn og kva et dei?
Samle steinar, skjell, tang og tare.	Vi samlar det vi finn i bøtter. Studere korleis dei ser ut, kjenne på dei og bruke sansane våre. Vi snakkar om det vi finn, kva høyrer til i fjøra og kva høyrer ikkje til i fjøra?	Lære barna namnet på dei ulike objekta vi finn i fjøra. Barna lærer om eigenskapane til dei ulike tinga vi finn i fjøra.
Miljøvett	Vi snakkar om det vi samlar saman når vi er på tur i fjøra. Kva høyrer ikkje til å fjøra? Kor skal vi legge det vi ikkje finn i fjøra. Vi snakka til barna om å rydde etter oss når vi har vært i fjøra.	Vi er ein miljøbarnehage så vi ser på det som viktig å lære barna om miljøvett. Vi lærer barna kva som er søppel av det vi finn i fjøra, kor vi skal gjere av det og om sortering av søppel. Barna lærer viktigheita av å rydde etter seg for ikkje å forsøple naturen og miljøet.

<p>Observasjon av bølger</p>	<p>Når vi er på tur i fjøra ser vi på bølgene ute på havet. Vi diskuterer ilag med borna fenomenet bølger. Når er det store bølger? Når er det små bølger?</p>	<p>Gi barna muligheita til å tileigne seg kunnskap om ulike fenomen i vår natur, som korleis været kan være med på å påverke sjøen. Her lærer barna om kreftene i dei ulike bølgene, og det å vise varsomheit og respekt for kreftene i havet.</p>
<p>Ete mat ute</p>	<p>Når vi er på tur i fjøra har vi muligheit til å ete maten vår der. Om vi fisker ute, førebur vi fangsten vår sjølve der alle barna er inkluderte. Vi lagar små smaksprøver der alle barna får smake.</p>	<p>Ved å la barna være med på prosessen når vi førebur maten vår er sjansen større for at fleire vil tåre smake på det som er nytt. Vi ufarleggjer maten for barna ved å inkludere dei i matlaginga. Barna får oppleve mestrings og inkludering.</p>

Plan for sjø og fjøreliv: 1-3 åringar

(dei heilt minste borna vert ikkje med i båt)

Fjøra	<p>Tur til Fjøra Finne skjell og strandkrabbe Vi skal vite korleis ein krabbe ser ut Kunne namn på ulike skjell</p> <p>Vite kva vi kan finne i fjøra: strandkrabbe, strandreke, skjell, tang og tare.</p>
Sjøvett/Miljøvern	<p>Bruk av redningsvest Kjennskap til å være i båt Ikkje forsøple Vaksne som gode rollemodeller Respekt for livet i Fjøra og sjøen</p>
Båten	<p>La barna bli kjent med båten Være med på båttur Lære seg å sitte fint i båten (båtvett)</p>
Utstyr	<p>Vite korleis ei fiskestang ser ut Vite korleis ei krabbeteine ser ut Vite kvifor vi bruker redningsvest, å korleis den ser ut</p>
Bruk	<p>Være med å fiske, bruke fiskestang Være med å sette/dra teiner</p>
Fangst	<p>Kjennskap til at det er levande skapningar i sjøen Tilberede og smake på fangst som vi fått Ta på fangsten Kjenne igjen fisk og krabbe</p>
Akvariet	<p>Lage natur akvariet på tur av materiale i fjøra. Bruke akvariet til bli kjent med ulike skapningar vi finner i sjøen/fjøra.</p>

Plan for sjø og fjøreliv: 3-6 åringar:

Fjøra	<p>Gode opplevingar i fjøra der vi saman leikar, gjennomfører aktiviteter, lagar bål og tilbreder mat ute.</p> <p>Få utforske og tileigne seg kunnskap om det maritime området ved å leite i fjøra etter steinar, strandkrabbe, tanglopper, sjøstjerner, tangsprell, tangkvabbe, sjøanemoner og ulike skjell som albueskjell, blåskjell, hjerteskjell og ulike strandsnegler.</p> <p>Kjenne til kvifor det blir flo og fjære.</p> <p>Kjenne til kva det er som lagar bølger i havet</p> <p>Sjå skilnad på dei ulike sortane av tang og tare.</p>
Sjøvett/miljøvern	<p>Lære kvar vi må bruke redningsvest og kvifor vi brukar det.</p> <p>Lære å ta det rolig under på og avstiging og i båten.</p> <p>Sitte medan båten kjører.</p> <p>Lære å vise respekt for livet i fjøra og i sjøen.</p> <p>Ikkje forsøple verken barn eller voksne.</p>
Båten	<p>Være med på båtturar (min. 2-3 ganger pr. havår)</p> <p>Være med å ta inn/ hive ut fendere</p> <p>Deltaking i fortøyning</p> <p>Få sjå etter fisk på ekkolodd (dersom vi får tilgang til ekkolodd)</p> <p>Fiske fra båt</p>
Utstyr	<p>Krabbeteiner</p> <p>Fiskestang</p> <p>Line (ved tilgang)</p>
Bruk	<p>Være med å dra og sette teine.</p> <p>Få prøve å fiske med fiskestang</p> <p>Få fiske krabbe fra brygga med snøre og skjell, fiskerestar og anna krabbemat som agn.</p> <p>Lære/forstå korleis dei ulike redskap fungera og kva vi kan bruke til ulik fangst</p>
Fangst	<p>Kjennskap til kva som lever i sjøen</p> <p>Sjå ulikehiter mellom fisker og få kjennskap til ulike fiskeravn</p> <p>Være med på å sløye fisk og tilberede og lage smaksprøver eller matrettar av fangsten.</p> <p>Studere fiskens anatomi og få bli kjent med fiskens hjerte, skjelett og gjeller</p>

Akvariet	Lage natur-akvariet på tur av materiale vi finn i fjøra. Bruke akvariet til å bli kjent med ulike skapningar vi finn i fjøra og i sjøen.
----------	---